

Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 17/3178-1

## Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 - opplæringssektoren

### Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Hovudutval for opplæring sluttar seg til fylkesdirektøren si vurdering at ein må kome attende til innslagstidspunktet for det uspesifiserte innsparingskravet for opplæringssektoren.
- 2 Fylkesdirektøren arbeider vidare med å konkretisere aktuelle investeringstiltak i opplæringssektoren.

### Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Innleiing

Finansutvalet handsama i møte 06.03.2017 arbeidsdokument 1/17. Denne saka tek utgangspunkt i finansutvalet si bestilling til hovudutvala og omhandlar status for gjennomføring av vedteke innsparingstiltak og omtale av aktuelle investeringstiltak i opplæringssektoren.

### 2. «Bestilling» til hovudutvala frå finansutvalet

Den innarbeidde arbeidsdelinga mellom finansutvalet og hovudutvala tilseier at hovudutvala - som sektorspesialistar - får høve til å gjere prioriteringar på eigen sektor. Finansutvalet har ansvar for å gjere vurderingar knytt til den samla fylkeskommunale økonomien og har ansvar for å prioritere mellom sektorane. Med grunnlag i ei slik arbeidsdeling har finansutvalet gjennom arbeidsdokument 1/17 gitt hovudutvala to spesifikke oppgåver inn i økonomiplanarbeidet no i vår:

- Ha fokus på god gjennomføring av vedteke innsparingstiltak og effekten vi får ut av desse.
- Vurdere aktuelle investeringstiltak på eigen sektor.

### Vedteke innsparingstiltak

Det omfattande utgreiingsarbeidet som er gjennomført dei siste åra har resultert i mange vedteke innsparingstiltak. Innsparingstiltaka er svært ulike, nokon er allereie gjennomført medan

andre tiltak skal fasast inn i løpet av økonomiplanperioden. Det er først ved gjennomføring av tiltaka vi får svar på om føresett innsparing vert realisert.

Finansutvalet legg no følgjande til grunn for budsjett/økonomiplanarbeidet i 2017:

- Hovudutvala prioriterer arbeidet med gjennomføring av vedtekne innsparingstiltak.
- Eventuelle avvik mellom føresett og reell innsparing på tiltak skal handterast innanfor den aktuelle sektorramme.

Om det i gjennomføringa av vedtekne tiltak viser seg at føresett innsparing tidleg i økonomiplanperioden ikkje vert realisert, skal ikkje hovudutvala sette i gang nye utgreingar no. Den urealiserte innsparinga, som framleis skal handterast innanfor sektorrammene, kan som følge av dette bli skyvd noko ut i tid.

Fylkesdirektøren legg fram eventuelle avvik for hovudutvalet.

#### Investeringstiltak på eigen sektor

Målet med ein samla investeringsplan er å få fram kva prioriteringar som skal leggst til grunn for framtidige investeringar.

Investeringsbehov og prioriteringar innanfor samferdslesektoren vert fanga opp gjennom arbeidet med regional transportplan (RTP). Aktuelle vedtak og tilrådingar knytt til RTP vert samordna med det øvrige arbeidet med investeringsplanen. Hovudutval for samferdsle treng såleis ikkje handsame investeringsdelen eksplisitt.

For dei andre sektorane er det no viktig å få fram informasjon om aktuelle investeringsprosjekt som grunnlag for nærare prioritering inn mot vedtak av samla investeringsplan i desember 2017. Investeringsprosjekt som ligg inne i gjeldande budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020 er alt vedtekne og treng ikkje fremjast på nytt.

Første trinn i arbeidet med investeringsplanen er å identifisere/kartlegge aktuelle prosjekt. I denne hovudutvalssaka gjev fylkesdirektøren ein kort omtale av sektoraktuelle prosjekt han har kunnskap om. Omtalane er så langt på skissestadiet og ev. kostnadsoverslag er svært grove. Det er tidkrevjande å få desse skissene meir konkrete og i ei form som gjer det mogleg å prioritere mellom dei.

Hovudutvalet skal difor i denne omgang kome med ei tilråding til kva prosjekt de ynskjer vidare utgreidd på eigen sektor. Målet med utgreiingane er å sikre tilstrekkeleg informasjon til å gjere ei nærare prioritering mellom investeringstiltaka.

I tillegg blir hovudutvalet, der det er aktuelt, oppfordra til å gje ei vurdering av om vi skal gå vidare med investeringsprosjekt/skisser der eige versus leige av infrastruktur/bygg er tema.

### **3. Økonomiske utfordringar i opplæringssektoren**

Etter fylkestinget sitt økonomiplanvedtak i desember 2016 hadde opplæringssektoren følgjande økonomiske utfordring i komande økonomiplanperiode:

	2018	2019->
Uspesifisert innsparingskrav opplæring	-0,8	-6,0
<b>Sum uspesifisert innsparing opplæring</b>	<b>-0,8</b>	<b>-6,0</b>

I handsaminga av arbeidsdokument 1/17 slutta finansutvalet seg til at arbeidet med å konkretisere dei uspesifiserte innsparingskrava først skal ha fokus i 2018. Dette fordi dei uspesifiserte innsparingskrava, med unnatak av 0,8 mill. kr på opplæring, først ligg i rammene for budsjettåret 2019. Som følge av dette vedtok finansutvalet også at opplæringssektoren sitt uspesifiserte innsparingskrav på 0,8 mill. kr i 2018 vert sletta.

Sektoren står etter dette att med eit uspesifisert innsparingskrav på 6,0 mill. årleg frå 2019.

Innsparingstiltak som er knytt til skuleåret gir berre halvårseffekt (haust) det første året. Tilnærminga frå finansutvalet med konkretisering av uspesifiserte innsparingskrav i 2018

(budsjettprosessen for 2019), vil medføre at innsparingstiltak knytt til skuleår først kan setjast i verk frå hausten 2019. Full innsparingseffekt kan ein då først rekne med frå 2020. Innsparingstiltak som ikkje er knytt til skuleår vil kunne ha heilårseffekt frå 2019. Når arbeidet med å konkretisere det uspesifiserte innsparingskravet er ferdigstilt, må det vurderast om innsparingskravet i 2019 eller deler av dette, må skyvast ut i tid.

#### Tilråding

Hovudutval for opplæring sluttar seg til fylkesdirektøren si vurdering at ein må kome attende til innslagstidspunktet for det uspesifiserte innsparingskravet for opplæringssektoren.

## 4. Gjennomføring av vedteke innsparingstiltak

Budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 legg til grunn innsparing frå hausten 2017 som følgje av tiltaket «oppbygging av faga i arbeidsåret». I arbeidsdokument 1/17 heiter det om tiltaket:

### «3.4 Dei økonomiske rammene for drift av dei vidaregåande skulane (#5)

Det er innarbeidd ei årleg innsparing knytt til «oppbygging av faga i arbeidsåret» på 12 mill. kr, frå hausten 2017, på utgreiing #5 - Dei økonomiske rammene for drift av dei vidaregåande skulane. Det var då lagt til grunn at eit bortfall på om lag 5 prosent av samla tal undervisningstimar er innanfor dagens praksis. Vidare at ein tilsvarande reduksjon i tildeling av lærartimar ikkje vil redusere kvaliteten på opplæringa.

Arbeidet med å førebu gjennomføring av tiltaket tyder på at det ikkje er grunnlag for å ta ut økonomisk effekt av meir enn om lag 3 prosent bortfall. Fylkesrådmannen vil kome tilbake til dei økonomiske konsekvensane av dette når det førebuande gjennomføringsarbeidet er avslutta.

Fylkesrådmannen legg opp til at manglande innsparing på tiltaket vert lagt på sektoren som uspesifisert innsparingskrav. Vidare prosess for å konkretisere dei uspesifiserte innsparingstiltaka vert å kome attende til.»

Finansutvalet tok i møtet orienteringa frå fylkesrådmannen til vitande.

I lys av tilnærminga frå finansutvalet med konkretisering av uspesifiserte innsparingskrav i budsjettprosessen for 2019, er det fylkesdirektøren si vurdering at ein auke i uspesifisert innsparingskrav for sektoren som følgje av manglande innsparing på tiltaket oppbygging av faga i arbeidsåret, tidlegast kan gjelde frå 2019, jf. også vurderinga i punkt 3 over.

#### Tilråding

Hovudutval for opplæring sluttar seg til fylkesdirektøren si vurdering at ein må kome attende til innslagstidspunkt for auken i uspesifisert innsparingskrav for opplæringssektoren.

## 5. Investeringsplan 2018-2021 – aktuelle investeringstiltak i opplæringssektoren

Gjeldande mål- og strategidokument for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane *God-betrebest!* legg til grunn at elevar og lærlingar skal ha den kvalitativt beste opplæringa i landet. Eit godt læringsmiljø er avgjerande for god kvalitet på opplæringa. Det fysiske læringsmiljøet er ein vesentleg del av dette. Det har gjennom mange år vore investert mykje på fleire av dei vidaregåande skulane i fylket og resultatet av elevundersøkinga viser at elevane i stor grad er tilfredse med det fysiske læringsmiljøet på skulane. Samstundes er det eit aukande behov for investeringar knytt til opplæringssektoren i eit 3-10 års perspektiv.

Investeringsbehova kan delast i tre kategoriar;

1. Nybygg og oppgradering av eksisterande bygningsmasse
2. Utviklingsprosjekt
3. Eige versus leige av bygg

Fylkesdirektøren vurderer førebels følgjande investeringsprosjekt som aktuelle å arbeide vidare med inn mot ei prioritering i framlegg til investeringsplan:

## 5.1 Nybygg og oppgradering av eksisterande bygningsmasse

- a) *Sogndal vidaregåande skule – avd Kaupanger*  
Eksisterande lokalitetar på Kaupanger til programområdet transport og logistikk ved Sogndal vidaregåande skule er ikkje tilfredsstillande. I dag er dette lokalisert på to stader som uansett vil krevje oppgradering og investering. Det er utarbeida eit mulegheitsstudie for å samle aktiviteten og bygge nytt til dette føremålet.
- b) *Mo og Øyrane vidaregåande skule - internat, mellomfløy og kantinebygg på Mo*  
Treng fullstendig teknisk rehabilitering då desse bygga er frå 1969. Bygga har hatt eit relativt bra vedlikehald, men teknisk er anlegga for sanitær, ventilasjon og varme heilt nedslite. Det trengst ei vurdering av energiltak og på det tryggleiksmessige, ei oppgradering av el. og brannalarmanlegga. Vidare må betra universell utforming vurderast i tillegg til generell oppussing av overflater, kjøkken, matsal, internatromma, etc. Dette er eit relativt stort prosjekt, men prosjektvurdering er ikkje gjennomført.
- c) *Sogn jord- og hagebruksskule – fjøsbygg /ysteri*  
Det er knytt nokre bygningsmessige utfordringar til fjøsbygget ved Sogn jord- og hagebruksskule. Dette gjeld i første rekkje ysteridelen, men kan og på litt lengre sikt utfordre ombyggingar i høve eventuell framtidig lausdrift. Prosjektet ombygging/utviding for ysteri er under utgreiing. Skulen har motteke gåve frå Aurland Sparebank på 1 mill. kr til prosjektet.
- d) *Dale vidaregåande skule – verkstadbygget*  
Dette eldste bygget ved skulen er frå 1982. Bygget ber sterkt preg av god og effektiv bruk, men er svært slite både teknisk og på overflater. Sjølve konstruksjonar og fasade er av betongelement, men øvrige bygningselement som t.d. vindu, dørar, tekniske anlegg, etc må skiftast. Det er ikkje gjort nærare utgreiingar i saka.
- e) *Firda vidaregåande skule– fløy D – aula*  
Det er gjennomført fleire oppgraderingar på Firda vidaregåande skule, men i den eine delen av bygningsmassen, Fløy D – Aulabygget/fellesareal, er ikkje gjort vesentlege tiltak. Bygget er frå 1974 og treng generell teknisk oppgradering, oppussing av overflater og ny taktekkning. Det må føretakast ei detaljert tilstandsvurdering før omfang kan kalkulerast.
- f) *Årdal vidaregåande skule*  
I eit langtidsperspektiv må rehabilitering av Årdal vidaregåande skule vurderast. Bygga er frå 1981. Bygga er godt vedlikehaldne og vi driv gradvis rehabilitering av teknisk anlegg. Bygga treng likevel ei oppgradering og rehabilitering av bygningskropp og uteanlegg. Nye og betre energiløysingar må og takast med i desse vurderingane.

## 5.2 Utviklingsprosjekt

- a) *Dei vidaregåande skulane i Førde og Fagskulen i Sogn og Fjordane*  
Gjeld ei eventuell samanslåing av Mo og Øyrane vidaregåande skule og Hafstad vidaregåande skule til ein felles ny vidaregåande skule i Førde (gjeld ikkje avd. Mo) og samlokalisering med fagskulen, jf. notat til FU 22.06.16.

Dei vidaregåande skulane i Førde er i dag etablert på fleire stader. Fylkeskommunen har egne bygg/eigedomar på Hafstad, på Øyrane og på Mo. I tillegg har fylkeskommunen leigeavtalar i Concordbygget, Begobygget, Førdehuset og på Sanderplassen (Fagskulen). Dei mange leigeavtalane fylkeskommunen har i dag bør reduserast og løysast i egne areal slik at sambruk og ressursutnytting blir betre (vurdering av eige vs. leige).

Ei samling av den vidaregåande opplæringa på ein plass i Førde vil kunne gje store positive effektar for den fagleg-pedagogiske drifta. Det vil særleg kunne vere positivt for elevgruppa å bli samla i eitt miljø.

Arbeidet pågår gjennom tre delområde; reguleringsprosess Indre Øyrane, eit ev. sal av Hafstad vidaregåande skule og internt programarbeid, jf. notat til FU 23.11.16. Nytt notat med orientering om status på arbeidet er planlagt til møte i FU 03.05.17

- b) *Mo og Øyrane vidaregåande skule - ridehall på Mo*  
Pågåande sak som har vore handsama fleire gonger utan vedtak om oppstart. Hovudutval for opplæring bad våren 2016 om at saka vart fremja på nytt. Fylkesrådmannen vil leggje fram notat til HO til møte 29.03.17.
- c) *Maritim avdeling i Måløy*  
Bygge- og eigedomstenesta er og utfordra på ein del tiltak på maritim avdeling, D fløy. Dette gjeld utviding av kontorareal, fellesareal og nokre ombyggingar for fagskulen som i dag er ein stor brukar av bygget. Det er og kome innspel frå nærings- og kulturavdelinga, datert 01.11.16, der det vert peika på behovet for sjønære areal for den vidaregåande skulen.
- Det er eit ønskje frå næringslivet å ha ei tyngre satsing på den maritime delen av skulen, herunder også fagskulen. I tillegg ønskjer fylkesdirektøren å undersøke behov og moglegheiter for ei satsing på plast- og komposittfaget.
- d) *Vitensenter på Kaupanger*  
Næringslivet har initiert eit prosjekt med Vitensenter på fylkeskommunen si tomt på Kaupanger. Forprosjektplan er utarbeida, forprosjekt venteleg klart ila. 2017. Fylkeskommunen er representert i styringsgruppa og referansegruppa, jf. notat til FU 25.01.17.
- e) *Energisatsing Eid vidaregåande skule*  
Skulen har i dag knappheit på areal. Som følgje av dette er satsingane knytt til velferdsteknologi og energi delvis flytta til garasjeareal som ikkje i dag er eigna til slikt føremål. Med dette som bakgrunn ønskjer fylkesdirektøren å sjå på den samla arealbruken på Eid vidaregåande skule.

### 5.3 Eige vs. leige av bygg

- a) *Flora vidaregåande skule - Flora idrettsenter*  
Flora vidaregåande skule leiger i dag store deler av Flora idrettsenter til undervisning kroppsøving/idrett på dagtid. Skulen opplever at det i periodar er relativt store driftsutfordringar knytt til dette leigetilhøvet. Eksisterande leigeavtale skal reforhandlast no, og det er krav frå utleigar om ei vesentleg auke i leige. Det er behov for nærare utgreiing av framtidige eigar- og driftsmodellar.

#### Tilråding

Fylkesdirektøren arbeider vidare med å konkretisere aktuelle investeringstiltak i opplæringssektoren.
---